

# KULTUR- OG LIKESTILLINGS- DEPARTEMENTETS NYNORSKPRISS FOR JOURNALISTAR

*Årsrapport 2024*



NRK-journalist Ingvild Bryn fekk Kultur- og likestillingsdepartementet sin nynorskpris for journalistar i 2024. Juryen fekk inn 39 nominasjonar, fordelt på 16 ulike kandidatar. Av desse valde juryen å gje prisen til Bryn, som i 40 år har vore ein pådrivar for journalistikk på nynorsk.

**«Årets vinnar av Kultur- og likestillingsdepartementets nynorskpris for journalistar er for tre generasjonar nordmenn eit lysande døme på korleis kvalitets-journalistikk på talt nynorsk skal vere. For mange er ho sjølve nynorskrøysta med stor n», heiter det i grunngjevinga frå juryen.**

Prisen vart delt ut under Festspela i Ørsta 7. juni 2024.

Førde, 01.09.2024  
Rune Fossum Lillesvangstu,  
sekretær for juryen

# Få brukar nynorsk som prisvinnar Ingvild Bryn

Sjølv vinnaren av årets nynorskpris for journalistar har surra med nokre ord og teke seg språklege fridomar. At ho har landa og dermed kan vere rettesnor for normert nynorsk, gjer ho stolt.



**OVERRASKA:** Ingvild Bryn vart tatt på senga, då ho fekk vite at ho fekk nynorskprisen for journalistar 2024. Her får ho blomster av sekretær Rune Fossum Lillesvangstu på fredagsmøtet på nyheitsgolvet i NRK.

Foto: NRK

- Eg må vedgå at eg opp gjennom åra har blanda a- og e-ending i infinitiv. No har eg landa på a-infinitiv som er det som ligg i Vosse-dialekta. Det er mest naturleg i min munn. Eg surra også litt med Noreg og Norge, sa Ingvild Bryn i takketalen på Aasentunet.

Den kjende røysta frå Dagsrevyen vart møtt med stor applaus frå publikum då ho tok imot Kultur- og likestillingsdepartementet sin nynorskpris for journalistar. Prisen blir kvart år delt ut til ein journalist som har utmerkt seg med godt språk, og som gir nynorsken status og innpass på nye område.

## Syter for språkglede for andre

- Eg blir stolt når eg høyrer at eg er brukt som rettesnor av til dømes norsklærarar på vidaregåande. Eg er takknemleg dersom eg kan vere ein rollemodell for andre som den synlege nynorskbrukaren eg er, sa ho.

Bryn vart i mai overraska av juryleiar Solveig Barstad på eit fredagsmøte på nyheitsgolvet på Marienlyst. Frå ein storskjerm offentleggjorde Barstad at Bryn var årets prisvinnar. Deretter fekk ho ei helsing frå språksjef Karoline Riise Kristiansen i NRK, og sekretær Rune Fossum Lillesvangstu overleverte ein bukett på vegner av juryen.

I juni var det høgtidleg seremoni i Aasentunet under Festspela i Ørsta. Bryn song og underheldt publikum med historier og språklege skråblikk, og ho fortalte at for ho er den munnlege normerte nynorsken ein verdi i seg sjølv. Denne talemåten ligg så tett som råd opp mot gjeldande skrivemåte i motsetnad til dialekt.

- For mange er Dagsrevyen og Dagsnytt den einaste staden dei møter normert nynorsk. Folk kan la vere å lese nynorsktekstar på nettsidene til NRK og halde seg unna bøker av Jon Fosse og Olaug Nilsen. Men vil dei ha med seg nyhenda på Dagsrevyen, er det normert nynorsk dei hører. Det normerte språket gjev meg ei fast ramme og gjer meg konsekvent, sa ho og la til at ho sjølv brukar ordboka hyppig for å sikre seg at det ho seier er rett.

### **Kringkastingssjefen: - Aldri møtt nokon med så glødande engasjement**

Den normerte nynorsken blir også framheva av juryen i deira grunngjeving. «I ei tid der fleire og fleire programleiarar og andre journalistar brukar dialekt som arbeidsspråk, kan Bryn halde det gåande utan manus med eit ledig og lett normert nynorsk time etter time på direktesendingar i NRK. Slik gjer ho det tydeleg og synleg at nynorsk kan brukast som nyheitsspråk om alt og til alle.»

Mange ville heidre prisvinnaren og understreke den gode jobben ho gjer for godt språk i NRK. I ei videohelsing frå kringkastingssjefen blei

## Prisvinnaren

Ingvild Bryn (fødd 1961) er frå Voss. Ho er utdanna ved Høgskulen i Volda med faga media og kommunikasjon, nordisk og statsvitenskap.

Ho starta som journalist i Horda Tidend, og i 1984 vart ho tilsett i NRK Hordaland.

Ho har vore korrespondent for NRK i Stockholm og USA, men er kanskje mest kjend som nyheitsanker i Dagsrevyen, Dagsrevyen 21 og Kveldsnytt på NRK 1.

Bryn har motteke ei rekke prisar for språket sitt, mellom andre Kringkastingsprisen, Alf Helleviks mediemålpris, Årets nynorskbrukar 2012 (saman med Arill Riise), Storegutprisen og Kringkastingssjefens språkpris.



det framheva at Ingvild Bryn gjer ein stor innsats for språkutvikling og språkglede i NRK.

- Eg har aldri møtt nokon med så glødande engasjement for språk generelt, og nynorsk spesielt, som Ingvild. Ho er styrt av ein ryggmergsrefleks og brennande vilje til å gjere NRK-språket betre, sa kringkastingssjef Wibeke Fürst Haugen.

Ingvild Bryn er den 19. mottakaren av Kultur- og likestillingsdepartementets nynorskpris for journalistar. Føremålet med prisen er å fremje bruk av nynorsk i media og årleg ære ein dyktig journalist som brukar språket, og som er eit føredøme for andre. Prisen er på 75.000 kroner og eit kunstverk.



PÅ SCENA I AASENTUNET: Ingvild Bryn underheldt med piano og song under seremonien i Aasentunet. Prisvinnaren fortalte og om oppveksten på Voss, forholdet sitt til nynorsk og korleis det er å vere nynorskbrukar i NRK.

Foto: Rune Fossum Lillesvangstu, NRK

## Heile grunngjevinga frå juryen

Årets vinnar av Kultur- og likestillingsdepartementets nynorskpris for journalistar er for tre generasjonar nordmenn eit lysande døme på korleis kvalitetsjournalistikk på talt nynorsk skal vera. For mange er ho sjølv nynorskrøysta med stor n.

I år kan Ingvild Bryn feira førti år som journalist i NRK. Det starta lokalt i Hordaland, men ho har sidan fare vide og vore utanrikskorrespondent i både Stockholm og Washington. Rollene har i desse tiåra vorte mange og varierte. Mellom anna leia Bryn i 1996 saman med Morten Harket Eurovision Song Contest-finalen – på verdsspråka

engelsk, fransk og nynorsk. Det er likevel Dagsrevyen som gjer at heile Noreg har eit forhold til Ingvild Bryn. Å løfta normert nynorsk og synleggjera det offisielle språket til hundretusenvis av nordmenn kvar dag er ein viktig del av NRKs samfunnsoppdrag. Ingvild Bryn er ein sterk pådrivar for dette.

I ei tid der fleire og fleire programleiarar og andre journalistar brukar dialekt som arbeidsspråk, kan Bryn halda det gåande utan manus med eit ledig og lett normert nynorsk time etter time på direktesendingar i NRK. Slik gjer ho det tydeleg og synleg at nynorsk kan brukast som nyheitsspråk om alt og til alle.

Det finst mange grunnar til at journalistar driv med journalistikk. For Bryn har sjølve språket vore noko av det viktigaste. Ho er oppteken av at språket skal vera korrekt, klart og forståeleg. Det har ho arbeidd for både som utøvande journalist og i rolla som språksjef i NRK, i tillegg til mange år i Mediemållaget. Særleg for eit mindre nytta språk som nynorsk er det viktig med rollemodellar som held fana høgt for at språket skal vera framifrå.

Som språksjef var Bryn oppteken av å sjå heile landet, og ho reiste mykje rundt på distriktskontora. Ho skal ha sin del av æra for at nynorskprosenten i NRK er betre no enn før.

Ingvild Bryn blir skildra som ein raus kollega som med godt humør villig vekk gir gode råd og handfast rettleiing til dei som ønskjer det, og til andre med. For juryen har det vore ei sann glede og ei ære å vedta at Ingvild Bryn får Kultur- og likestillingsdepartementets nynorskpris for 2024.



JURYEN: Øystein A. Vangsnæs, Solveig Barstad og Jens Kihl. Foto: Rune Fossum Lillesvangstu, NRK.

# Takk frå prisvinnar Ingvild Bryn

**Tusen takk for Kulturdepartementets nynorskpris for journalistar. Det er ei stor ære å få denne prisen. Takk til juryen, og takk til kulturdepartementet for kunstverk, raus pengesum og blomebukett.**

I grunngjevinga for prisen vert det lagt vekt på at eg i alle år har brukt normert nynorsk. Eg trur det har ein stor verdi at folk får høyra og ikkje berre lesa nynorsk. For mange er Dagsrevyen og Dagsnytt einaste staden dei møter på normert nynorsk. Folk kan la vera å lesa nynorsteckstar på nettsidene til NRK - og dei kan halda seg unna bøker av Jon Fosse og Olaug Nilsen, men vil dei ha med deg nyheitene på Dagsrevyen-ja, så høyrer dei normert nynorsk der, enten av meg eller av reporterar som Eivind Molde og kanskje eit innslag frå Møre og Romsdal ved Tore Ellingsæter.

Og dei som måtte meina at nynorsk ega seg best til dikt - ser at nynorsk er eit bruksspråk som ega seg utanriksstoff, politikk, økonomi - sjølvsagt gjer det det.

Eg er stolt dei gongene eg opp gjennom åra har fått vita at eg er brukt som rettesnor av til dømes norsklærarar på vidaregåande. Eg er takknemleg dersom eg kan vera ein rollemodell for andre, som den synlege nynorskbrukaren eg er. Det er ei stor utfordring for nynorsken at mange når dei flyttar frå bygda ikkje tek med seg skriftspråket dei har hatt gjennom heile skuletida - men legg den delen av identiteten att heime.

Eg ynskjer som programleiar i Dagsrevyen å halda i hevd dei gode og særmerkte nynorskorda. Eg kjenner eit ansvar for det.

Men det er ein skilnad på å vera skriftleg journalist og ein som bruker språket munnleg, som eg.

Sjåaren har berre ein sjanse til å oppfatta og forstå - nemleg der og då, mens i skriftleg tekst kan lesaren stoppa opp og lesa om igjen.

Uavhengig av målform, bruker eg aldri ord som kan vera vanskeleg å oppfatta. Eg seier ikkje pro-israelske demonstrantar, men demonstrantar som støttar Israel. Og prorussisk separatist ville eg aldri ha sagt utan å forklara kva det er.

Ved å bruka normert nynorsk har eg eit ansvar for at det skal vera korrekt. Eg er heldig som har ei dialekt frå Voss, der grammatikken ligg nokså nær nynorsken, men eg bruker likevel ordboka hyppig. Det normerte språket gjev meg ei fast ramme og gjer meg konsekvent - men eg må vedgå at eg opp gjennom åra har blanda a- og e-ending i infinitiv. No har eg landa på a-infinitiv, som er det som ligg i Vosse-dialekta. Det er mest naturleg i min munn.

Eg surra også litt med Noreg og Norge. Eg vart smitta av min gode kollega og svoger Ingolf Håkon Teigene. Han hadde ein særdeles god nynorsk, men insisterte på å seia Norge. Og eg tok etter han. Men då eg var korrespondent i USA kom det ein telefon

over Atlanteren frå NRK-veteran Olga Meyer. Ho sa med bedande og mild røyst: «Ingvild. Du som e slik ei kjekk jenta, kan ikkje du seja Noreg». Dette kunne eg ikkje stå imot og gjorde som ho sa - men det hende eg skeia ut med Norge på Kveldsnytt når eg trudde Olga hadde lagt seg.

Enten me bruker bokmål, nynorsk eller dialekt, er det viktig for oss i Dagsrevyen at me har eit nøytralt og nøkternt språk. Me skreller stort sekk vekk adverb og adjektiv. Det er ikkje minst viktig når me snakkar om Gaza-krigen, men også alle andre område. Me er avhengige av tillit, og dermed må me vera nøye på orda me vel. Me må oppretthalda merkevara NRK Nyheiter som noko som vert forbunde med truverd og tillit.

Eg vil trekkja fram det krigsfotograf Harald Henden sa i takketalen då han tok imot Fritt Ord-prisen i vår: «Når jeg setter mitt navn under et fotografi, skal leserne kunne stole på at innholdet er korrekt, det trengs ikke ytterligere verifisering. Mitt navn skal være knyttet til sannhet. Det er en troverdighet som det tar mange år å bygge opp, men som kan ligge i ruiner ved et eneste feilgrep».

Eg er glad for at det i grunngjevinga vert lagt vekt på at eg hjelper kollegaer språkleg. Alle i NRK har ansvar for å hjelpe til for å halda språkfana høgt. Det er ei plikt.

Tusen takk for prisen – flott å få han akkurat her i Aasentunet ein vakker junidag.  
Ramma kunne ikkje vore betre. Takk!

## Arbeidet med nynorskprisen 2024

Juryen har hatt to møte på Teams i samband med kåringa av ein vinnar av Kultur- og likestillingsdepartementet sin nynorskpris for journalistar 2024. Oppstartsmøtet var 9. februar, og 8. april vart juryen samde om ein vinnar.

Prisen vart delt under Dei nynorske festspela i Ørsta fredag 7. juni 2024. Heile juryen var til stades og las grunngjevinga i lag under seremonien i Aasentunet.

## Juryen skal sitje til 2025

**I juryen for Kultur- og likestillingsdepartementet sin nynorskpris for journalistar sit Solveig Barstad, Øystein A. Vangsnes og Jens Kihl. Departementet har gjeve dei denne oppgåva frå 1. juli 2021 til 1. juli 2025. Solveig Barstad er leiar for juryen.**

**NRK Nynorsk mediesenter er sekretariat for juryen. Prisen var departementet si «gåve» til mediesenteret, i samband med opninga av NRK Nynorsk mediesenter i 2004. Nynorskprisen for journalistar har vore delt ut kvart år sidan 2006.**